

# Årsbudsjett 2024

# Økonomiplan 2024-2027



Kommunedirektør Tommy Johansen



# Oppsummering 2023

- Konklusjon: -23 mill.kr. (ambisjon 0)
  - Meirkostnad lønnsoppgjør: 20 mill.kr. (ref. budsjett)
  - Nye Sjukeheimsplasser
  - Nye brukere i tjenestene våre med omfattende behov
  - Auka tiltak i skule

# Forslag 2024

- Innsparingskrav: 40 mill.kr
  - Resultat 2024: - 68 mill.kr (dekning frå disposisjonsfond)
  - Budsjett er ikkje prisjustert (3,4%)
- 
- Innsparingskrav 2025: 57 mill.kr
  - Resultat 2025: 0 kr
- 
- Innsparingskrav 2026: 35 mill.kr
  - Resultat: 1,75%



# Budsjettføresetnadar

- Gjeldande økonomiplan
- Forslag til statsbudsjett
- Stord kommune, anslag vekst i frie inntekter på 5,8%. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskot
- Handlingsrommet er redusert av vekst i lønn og pensjon
- Anslag for skatt på inntekt og formue byggjer på skatteinngang i 2023 og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett
- Lokal vurdering av skatteanslag byggjer på at næringslivet går bra og erfaringa frå 2023, og ein har lagt til grunn eit skatteanslag på 96 prosent av landsgjennomsnittet.



# Budsjettføresetnader - Renter og finans

- Avkasting og utbyte:
  - Sunnhordland kraftlag AS 7 mill.kr
  - Kraftsalsfondet 5 mill.kr. Dette er basert på ei langsiktig forventa avkastning
- Finansutgifter i 2024 auka med 31,3 mill.kr frå 2023
- Budsjettrenta er utarbeidd av vår gjeldsforvaltar, og er basert på marknadsrenter og Stord kommune sin gjeldsportefølje.



# Budsjettføresetnader - Eigedomsskatt

- **Kommunedirektøren ser det nødvendig, i ein svært krevjande situasjon, å foreslå ei auke i eigedomsskatten ved å fjerne botnfrådraget.**
- Satsen for næring og tomt er 6,5 promille, og 3,6 promille for bustad- og fritidseigedomar.
- Botnfrådrag er foreslått sett til 0 kr for bustad- og fritidseigedomar.
- **Endringa utgjer 17 mill.kr.**



STORD  
KOMMUNE



# Formannskapet



# Energiprisar

- Uvisse m.o.t. straumprisar også for 2024
- Neste års budsjett baserer seg på tilsvarende forbruk som i 2023 og ein snittpris på kr 1,20 pr kwh
- Gass og fjernvarme er basert på 2022 tal



# Lærlingar

- Lærlingar er eit viktig rekrutteringstiltak for kommunen. Ved inngangen til 2024 vil me ha om lag 40 lærlingar innan ulike tenesteområde.
- **Målet for 2024 er å ta inn totalt 30 nye lærlingar.**
- For å sikre god oppfølging av lærlingane har me lærelingekoordinator i 60% stilling



# Nærværsprosjekt og hovudverneombod

- Nærværsprosjektet starta i 2023. Vert vidareført som drift i 2024 og fleire einingar vert invitert til å delta på kurs modulane.
- Det vart i kommunestyre 19.10 vedtek å auke hovudverneombodfrikjøpet til 100%. Kommunedirektøren finn ikkje rom i budsjettet for ei slik auke i 2024.
- **Hovudverneombodfrikjøpet er foreslått auka trinnvis, til 60 % i 2024, deretter 80% i 2025 og 100% i 2026.**



# Minoritetspråkleg rådgjevar

- Prosjektet med minoritetsspråkleg rådgjevar starta i juni 2022 med innovasjon og skjønsmidlar.
- I budsjett for 2023 vart det prioritert med ei 50% stilling
- Mål for arbeidet har vore: «Utvikle ein funksjon for å trygge minoritetsspråklege sine rettar og behov, som eit supplement til eksisterande tenester som verkar i høve minoritetsspråklege, der det er behov for meir tid.»
- **Kommunedirektøren finn ikkje rom for å vidareføra minoritetsspråkleg rådgjevar i budsjett for 2024**

# Sparetiltak

- **Innkjøp – alle kjøp skal gjerast ved at faktura vert sendt.** Ingen tilsette eller leiarar skal gjera varekjøp og kreve refusjon på utlegget. Me går glipp av momsen ved refusjon av utlegg, samt at prosessen er meir arbeidskrevande.
- **Stillings «stopp» - alle stillingar som er lyst ut vert stansa.** Ledige stillingar vert lagra i ein «bank» til bruk dersom me må redusera tenester og har ledige ressursar.
  - Fram til det vert vurdert må einingane nytte vikarar i dei stilligane som ikkje kan stå ledige
  - Særlege stillingar, som er lite eigna til bruk i omstilling, vert lyst ut – vurdering vert gjort av stillingsgruppa saman med kommunalsjef nivå



# Klimabudsjett

- Klimabudsjett for 2024 vert ettersendt seinast innan Formannskapet sitt budsjettmøte 6.november



# Fagkontor plan

- Budsjettframlegget for 2024 er 0,8 mill. kr lågare enn budsjett 2023
  - Innkjøp konsulent redusert med 1 mill. kr til 2,3 mill. kr i samsvar med vedtak 2023
  - Prioriterte prosjekt: kommuneplanen sin arealdel og ny planstrategi



# Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor

- Interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Stord og Fitjar kommunar; Fitjar kommune er vertskommune. Stord kommune betaler 52% av dei totale kostnadene
- Kontoret sel tenester til Austevoll
- **Budsjettramma er vidareført på same nivå som i 2023.**

# Kyrkja

- Driftstilskot 10,9 mill. kr i 2024, inkludert kompensasjon for og lønnsvekst
- Det er i planperioden lagt inn 10,5 mill. kr til rehabilitering av Stord kyrkje, basert på tilstandsrapport utarbeidd av kyrkjeleg fellesråd
- Det ligg også inne 10,5 mill. til gravplass Frugarden trinn 2



# Oppvekst og kultur



# Barnehage

- Stord kommune har 15 private barnehagar og fem kommunale. Tal barn med barnehageplass i 2024 vert frå august redusert med 15 barn samanlikna med 2023.
- Dei budsjetterte rammene til dei kommunale barnehagane er basert på tal barn, bemannings- og pedagognorm. **Kommunedirektøren ser ikkje at kommunen kan auka barnehagane sine resursar i 2024 slik kommunestyret vedtok i PS 45/23, og vidarefører derfor budsjettet på nivå med 2023.** Det betyr at budsjett til drift av dei kommunale barnehagane basert på tal barn, bemannings- og pedagognorm i 2024 samla vert på 38,9 mill. kr.
- Dei fem kommunale barnehagane har samla hatt eit investeringsbudsjett til kjøp av stolar, bord og anna inventar per år på 0,5 mill. kr. Grunna den særskrivjande økonomiske situasjonen Stord kommune er i, vert denne summen i 2024 redusert til 0,25 mill. kr.



# Barnehage

- Kommunestyret vedtok i PS 45/23 følgjande i punkt 3:
  - «**Forsøk auka grunnbemanning barnehage**  
Kommunestyret vedtek å setja i gong eit prøveprosjekt over to år med ein ekstra tilsett, fortrinnsvis ein barnehagelærar, i kvar av dei kommunale barnehagane ut over bemanningsnormen. I dette prosjektet skal enn auke grunnbemanninga og vaksentettleiken samt sikre gjennomføring av plantida for pedagoger og utvide denne med ein veketime. Tilsetting skal skje straks etter vedtak i kommunestyret 19.10.23. Når dette gjev auka overføringer til dei private barnehagane, forventar kommunestyret at det vert sett i gong tilsvarende prosjekt der.»
- **Kommunedirektøren har hatt ein gjennomgang av dette og finn at det til neste år vil medføra ein auka kostnad på om lag 3,4 mill. kr. noko ein ikkje har funne rom for i budsjett for 2024.**



# Barnehage

- **Kommunedirektøren vil i 2024 starta arbeidet med gjennomgang og vurdering av barnehagestrukturen.** Dette både grunna den økonomiske situasjonen kommunen er i og behov for oppgradering og vedlikehald av eksisterande bygg, og mogleighet for å driva effektive og gode barnehagar i framtida.
- Tilskot til drift av dei private barnehagane vert i 2024 auka med 14 mill. kr samanlikna med 2023. Dette grunna redusert makspris frå august 2024, auka kostnader (dyrtid) og relativt høg kommunal deflator.
- **Kommunedirektøren vil våren 2024 vurdera å opna opp for eitt ekstra teljetidspunkt 15. mars.** Dette for at barnehagane skal ha mogleik til i større grad enn no å ta inn barn når føresette har behov for plass, og i mindre grad frå 15. desember.



# Grunnskule og SFO

- Stord kommune har ti grunnskular, og tal elevar aukar frå 2023 til 2024 med tre elevar. Dei budsjetterte rammene til grunnskulane byggjer på tal elevar og lærarnorma.
- Grunnskulane har dei siste åra måtta løysa stadig fleire oppgåver utan at rammene har auka. **Kommunedirektøren ser heller ikkje i år at ein har moglegheit til å auka rammene og tilføra grunnskulane midlar til ekstra tiltak knytt til elevar og/eller administrasjon av skulane, men vidarefører grunnskulane sine budsjett på nivå med 2023.**
- Budsjett til drift av grunnskulane i 2024, basert på tal elevar og lærarnorm, vert samla 309 mill. kr inkl. SFO.



# Grunnskule og SFO

- Kommunestyret vedtok i PS 33/23 Miljøterapeutar i skulane den 22.06.23 følgjande:
  - «Vedtak:
    1. Utval for oppvekst og kultur ser på tilsetjing av miljøterapeut i skulane som eit positivt tiltak for skule- og arbeidsmiljøet. Skulemiljøet har dei siste åra vorte meir og meir utfordrande, og utvalet ser på miljøterapeut som eit konkret tiltak opp mot skulemiljøet og å trygga einskildelevar og trinn.
    2. Kommunestyret ber rådmannen koma attende med dette tiltaket i samband med budsjett for 2024.»
  - **Kommunedirektøren finn ikkje rom for å tilsetja miljøterapeutar i skulane i budsjett for 2024.**

# Grunnskule og SFO

- Kommunestyret vedtok i PS 45/23 i møte 19.10.2023 vedtakspunkt 4 i samband med budsjettrevisjon 2. tertial 2023:
  - «Lik vurdering av lønsansiennitet for nytilsette og fast tilsette før 27.09.22.  
Kommunestyret meiner Stord kommune bør gjera som Fitjar kommune og gje lik vurdering av ansiennitet for alle tilsette i samsvar med nye reglar som er gjeldande frå 27.09.22. Kommunestyret bed kommunedirektøren gå i dialog med fagorganisasjonane med sikte på å kartleggja og få oversikt over kostnadene med dette, og leggja fram eit kostnadsoverslag i samband med budsjett for 2024.»
- **Kommunedirektøren legg til grunn at dette vil ha ein kostnad på om lag 1,2 mill. kr med sosiale kostnader. Kommunedirektøren finn ikkje moglegheit til dette i budsjett for 2024.**

# Grunnskule og SFO

- Tal elevar som nyttar skulefritidsordninga har auka frå 488 til 566 barn i 2024. Budsjettet til drift av skulefritidsordninga(SFO) er basert på tal elevar som nyttar ordninga, tal elevar med rett til ulike moderasjonsordningar og ein tilsett per 15 barn. Det betyr at budsjett til drift av SFO i 2024 samla vert på 14,3 mill. kr.
- Dei ti grunnskulane og SFO har samla hatt eit investeringsbudsjett til kjøp av stolar, tavler og anna inventar per år på 1 mill. kr.
- **Summen blir i 2024 redusert til 0,5 mill. kr.**



# Grunnskule og SFO

- **Kommunedirektøren vil i 2024 starta arbeidet med å vurdera skulestrukturen på nytt i lys av den økonomiske situasjonen.**
- Vurdering av skulestrukturen er både grunna kommunen sin økonomi og eit stort behov for oppgradering og vedlikehald av eksisterande skulebygg. I arbeidet vil ein og vurdera kva som vil vera den mest effektive strukturen med tanke på skuledrift og kva som kan vera den beste løysinga for barneskulane med tanke på organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa når me, slik det ser ut i forhold til rekruttering av lærarar, kan enda opp med å ha tilgang på færre kvalifiserte lærarar enn me har i dag.



# Eining for kultur

- **Kommunedirektøren ser det som heilt nødvendig å redusera i tilbod og oppgåver som ikke er lovpålagde. Eining for kultur sitt budsjett er redusert med nærmere 9 % samanlikna med 2023.**
- I budsjett for 2024 er det gjort følgjande kutt:
  - Kutt i driftstilskot: Driftsmidlar til lag og organisasjonar er tatt bort. Dette gjeld dei lag og organisasjonar som har hatt faste løyvingar i budsjettet. Til saman kutt på kr 330 000.
  - Kutta kulturstipend og midlar til prisutdelingar: Det vert ikkje sett av midlar til å dela ut målpris, pris for godt tilgjenge, eldsjelpris, seniorpris og kulturpris. Det vert heller ikkje sett av midlar til kulturstipend.
  - Folkebiblioteket sin filial i Sagvåg vert lagt ned: Den betjente folkebiblioteksfilialen ved Nysæter ungdomsskule, kultur- og idrettspark vert lagt ned med verknad frå 1. april 2024.

# Eining for kultur

- Reduksjon i kultur sitt budsjett:
  - Kulturskulen sitt budsjett vert redusert med 0,9 mill.kr. I tillegg er det lagt inn ein auke i brukarbetalinga med kr 150 for individuell undervisning og kr 100 for gruppeundervisning.
  - Stord kulturhus sitt budsjett vert redusert noko som mellom anna medfører endring/reduksjon av opningstidene i kulturhuset
  - Tilbod om fritidsklubb for menneske med nedsett funksjonsevne (Måndag - og onsdagsklubben)vert redusert til eit tilbod annakvar veke
  - Støttekontaktordninga skal omorganiserast og sjåast i samanheng med liknande arbeid i andre einingar. Kommunedirektøren legg til grunn ei innsparing på 0,35 mill.kr
- **Samla reduksjon i kultur sitt budsjett for 2024 blir 2,5 mill. kr.**

# Eining for førebyggande tenester

- Oppvekstreforma legg opp til at kommunen skal styrke arbeidet med førebygging og tidleg innsats.
- Eining for førebyggjande tenester har som hovedoppgåve å bidra til å avdekka og hindra skeivutvikling og gi rett hjelp så tidleg som mogeleg. Omsynet til barnet sitt beste skal ivaretakast.
- **Kommunedirektøren finn det nødvendig å samla alle tenestene for barn og unge under området oppvekst og kultur.** Samarbeids- og samordningsplikta for alle tenester for barn og unge, gjer at både det førebyggjande arbeidet, tiltaka og tenestene bør rapportera til ei samla administrativ leiing og politisk utval i område oppvekst og kultur og Utval for oppvekst og kultur. Arbeid med familieråd og nettverksmetodikk vert og særskilt viktig i arbeidet med å få på plass rett hjelp så tidleg nok.
- **Kommunedirektøren legg til grunn at arbeidet med omorganiseringa startar i januar 2024 og er gjennomført innan 1.9.2024.**

# Eining for førebyggande tenester

- Eining for førebyggjande tenester har i 2023 eit samla budsjett på 45,6 mill. kr.
- **Kommunedirektøren det nødvendig å redusera budsjettet til Eining for førebyggjande tenester med 1 mill. kr i 2024.**

# Barnevern

- I budsjettframlegg for 2024 har kommunedirektøren lagt inn kostnadar knytt til drift av Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) tilsvarande 2023 inkl. lønnsvekst.
- **I tiltaksbudsjettet i 2024, har kommunedirektøren lagt inn utgifter knytt til kjende vedtak per august.** Dersom det vert nødvendig med nye tiltak og auka tiltaksvolum, vil desse ikkje vera dekka inn i budsjettet.
- Dersom det vert nødvendig med institusjonstiltak for eit barn, kostar dette no 170.000 kr per månad. Ein plass i beredskapsheim kostar 85.000 kr per månad.

# Vaksenopplæringa

- **Kommunedirektøren foreslår å vidareføra driftsbudsjettet på 2023-nivå**
- I budsjettet er det lagt inn auke i forventa inntekt med 1,9 mill. kr. Dette då ein legg til grunn høgt busettingstal i 2024 også.
- Dei siste fire åra har tal elevar auka med om lag 50 og tal årsverk har i same periode variert frå 15,2 til 17,2.



# Byutvikling





# Regulering, bygesak og oppmåling

- Budsjettframlegg er tilsvarende budsjett 2023; ingen auke i omfang; justeringar i høve sjølvkost
- Svikt i inntekter innanfor sjølvkostområde oppmåling grunna få saker;
  - tiltak: vakant stilling vert halden vakant i 2024
- Gebyr: bygesaksgebyr vert halde uendra; elles prisauke i samsvar med prisvekst





# Stord brann og redning

- Budsjettframlegget har same driftsomfang som 2023
- Feiing (sjølvkostområde) går i balanse; legg opp til å ikkje auke gebyr for 2024
- Lagt inn kr. 300.000 til nytt naudnett (nasjonalt pålegg)
- Forventning om redusert utgift til overtid på utrykking grunna endring i særavtale med mannskapet
- **Investeringar:**
  - Brannstasjon: **tiltaket blir flytta i investeringsbudsjettet for gjennomføring i 2025. Tilstanden i eksisterande bygg er svært dårlig.**
  - Ny bil til 0,9 mill.kr. Er framskunda til 2024 grunna høge reparasjonskostnader.



# Eining for tekniske tenester

- Rapport om vedlikehaldsetterslep stadfestar ei langvarig utfordring med tilstrekkeleg midlar til vedlikehald og reparasjon – totalt er vedlikehaldsetterslepet utrekna til 137 mill. for veg og 157,4 mill. kr for bygg
- Auka i forsikringar i 2023 er noko redusert i 2024 som årsak av nytt anbod
- Eininga har lagt inn innsparingstiltak for 1 mill. kr.
- **Vatn og avlaup:**
  - Auke i gebyr for vatn 18,4% og for avløp 10,5%
  - Vedlikahaldsetterslepet får ein stadig høgare prislapp som årsak av løns- og prisvekst generelt, og for enkelte innsatsfaktorar spesielt

# Stord hamn – eige budsjettområde

- **Hamnekapitalen skal haldast atskilt resten av kommuneøkonomien, jf hamnelova**
- Auka kapitalkostnader på 1,8 mill. kr frå budsjettframlegg 2023 til 2024 (utan at lånegjelda har auka);
- **Dagens drift med 83 mill. kr i lånegjeld krev høge inntekter.**
- Bemanning på eit minimum i høve oppgåver;
- **Stord hamn skal styrast forretningsmessig**
  - Alle nye investeringar må kunne «reklast heim»
  - Legg opp til 15% eigenkapital i nye investeringar
  - Evt. auka drift vil medføre auke i personellressursar



## Investeringar - nye

- B-brygge: utskifting av brygge i Leirvik småbåthamn (2 mill. kr)
- Cruisebrygge for tendring (kr. 550.000)
- Dueslaget: ferdigstilling for utleige siste del (kr. 700.000)
- Forprosjekt ny Kai 4 (kr. 200.000). **Det er lagt inn totalt 40 mill.kr til prosjektet i 2024 og 2025 føresett positivt vedtak på forprosjekt.**



# Investeringar – tekne ut

- Investeringar som er tidlegare vedtekne, men ikkje gjennomførte, vert føreslått tekne ut:
  - Tongjaskjærskaien, Huglo (4,1 mill.kr)
  - Landstraum Kai 3 (7 mill.kr.)
  - Nytt Hamnebygg (8,5 mill. kr)

# Sentrale strategiske arbeidsoppgåver 2024

- Forprosjekt Kai 4 (forlenging av Kai 3)
- Teknisk forprosjekt ytre molo
- **Ny handlingsplan til hamneplanen for prioritering av evt. nye prosjekt**
  - Hamneplan inkl. Handlingsplan vart utarbeidd 2021. Strategi indre Leirvik hamn, strategi Sagvåg hamn som skal utarbeidast, ønske om utbygging Kai4 og evt. kai for Cruisbåtar er ikkje vurdert i handlingsplanen.
  - **Revidert handlingsplan må vurdere prosjekt opp mot måloppnåing i hamneplanen og økonomisk berekraft**



STORD  
KOMMUNE



Kristiansbyen

# Rehabilitering, helse og omsorg



# Utfordringar framover

- **Demografisk utvikling**, stadig fleire eldre, auka forekomst av sjukdomar vil føra til vekst i behovet for kommunale helse- og omsorgstenester dei neste tiåra. Tilgangen til ressursar kjem ikkje til å veksa tilsvarende
- Det er forventa minkande **tilgang på arbeidstakrar**, og stram kommuneøkonomi gjer at oppgåver må løysast på nye måtar
- Det **vil kreva** omfattende satsing på teknologi, radikal omstilling av drift og tenesteprofil, endringar i arbeidstidsplanlegging og bruk av kompetanse samt aktivering av nettverk rundt den som treng hjelp.



# Omstilling og sparing på RHO-feltet

- Budsjettmessige vekst er ikkje berekraftig og må dempast
- Stord kommune prioriterer meir pengar til helse enn samanliknbare kommunar og også meir enn det løyvingane frå staten legg opp til
- For å snu utviklinga vil kommunedirektøren i 2024 gjennomføra omfattande innsparing- og utviklingstiltak i RHO-sektoren



# Omstilling og sparing på RHO-feltet

- **Kommunedirektøren tilrår nedtrekk i RHO-budsjettet for 2024 med om lag 30 mill. kr**
- Tiltaka handlar om nærvær, rekruttering, organisering og utføring av arbeidet samt avvikling av tenester som ikkje er lovpålagt
- Vikarpostane vert ikkje kompensert for prisvekst
- Fleire av tiltaka medfører økonomisk risiko ved at etterspurnad etter tenester kan bli flyttta frå lågt til høgt i omsorgstrappa

# Omstilling og sparing på RHO-feltet

- Omstillinga som gjeld organisering og utføring av arbeidet skal vera prosessorientert og det skal definerast måltal for å følga utviklinga.
- **Kommunedirektøren vil be om ressursar til å gjennomføra utviklingsarbeidet**
- Del av innsparinga på RHO knytt til organisering, nærvær m.v. vil bli fordelt på einingane innan årskifte
- Kommunedirektøren meiner også at Kommunestyret må være førebudd på å gjere prioriteringar og endringar samt ha ein debatt knytt til tenesteproduksjon og innbyggjarane sine forventningar til det offentlege.

# Heimebaserte tenester

- Med bakgrunn i demografisk utvikling, men også fordi Stord kommune har låg grad av sjukeheimsdekning, så er det forventa framleis vekst i personar med bistandsbehov i heimebaserte tenester
- **Kommunedirektøren tilrar å styrka budsjettet til eininga med 4,6 mill. kr**, det kompenserer for ein del av auken i vedtakstimar og ressursbehov



# Institusjon, Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter

- **På Stord sjukeheim rår kommunedirektøren til å spara noko på å optimalisera bruk av velferdsteknologi samt omorganisera leiarstrukturen, tilsaman 2 mill.kr.**
- For både sjukeheimen og Knutsaåsen merkast det at pasientane har venta lenge før dei får langtidsplass, hjelpebehovet er komplekst og det er ei utfordring at ein ikkje har nok korttidsplassar eller skjerma plassar for dei som treng det
- Knutsaåsen vert **styrka i grunnbemanning med omlag 0,7 mill.kr.**

# Eining for aktivitet og rehabilitering

- Kommunedirektøren rår til å skåna dei førebyggjande tenester knytt til førebygging og rehabilitering mest mogeleg, men i lys av ein krevjande økonomisk situasjon vert det **lagt opp til å spara** noko personalkostnad på servicetenesta og gjennom ny leiarstruktur, **totalt om lag 0,6 mill.kr**
- **Kommunedirektøren rår vidare til å stenga bassenget for all aktivitet frå januar 2024, innsparing basseng 0,8 mill.kr.**

# Eining for habilitering

- Eininga har dei siste åra fått ein auke i vedtakstimar både knytt til utfordrande åtferd og somatisk sjukdomsbilde, dette utfordrar kompetanse og dimensjonering
- Me ser ei utvikling der det er fleire som har fått og som vil trenga tettare oppfølging, med 1:1 eller 2:1 bemanning store deler av døgeret
- Fullt på arbeid og aktivitetstilbodet/Sæbø gard
- **Kommunedirektøren rår til å styrka eininga med totalt 6,8 mill for bemanningsbehov knytt til einskildpersonar, dette inkluderer etablering av barnebustad**
- **Eininga skal spara 3 mill. kr i grunnbemanning på betre samhandling mellom bufellesskap/avdelingar**



# Tildelingskontoret

- Forventar auke i søknader i takt med behov i samfunnet
- **To årsverk vert overført frå heimebaserte tenester (innsatsteamet). Eininga skal bidra til å dempa vekst i vedtak ved å styrka kartelggingsdelen av søknadsprosessen**
- Alternativ til kommunale tenester, velferdsteknologi og søker sitt nettverk skal i større grad kartleggjast og aktiverast
- Gjennom å bli samorganisert med innsatsteamet, skal eininga sikra at utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset ikkje ventar unødig.



# Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

- **Budsjett for brukarstyrt personleg assistanse (BPA), ligg til tildelingskontoret. Budsjettposten er føreslått styrka med omlag 7 mill. kr.** Dette inkluderer justering av kjente vedtak og nye vedtak som er innvilga. Det er ikkje sett av budsjettmidlar for nye vedtak som måtte koma i 2024
- Ordnina er ein lovfesta rett som vert tildelt etter skjønnsmessig vurdering. Det er auke i brukarar og vedtakstimar



# Rus og psykisk helse

- Det er ei auka forventning i høve kva kommunen skal handsame når det gjeld alvorleg sjuke personar med tilleggsproblematikk. Det er ikkje samanheng i oppbygging av kompetanse og tenester i kommunen, og nedbygging av sengeplassar i spesialisthelsetenesta.
- Det er nasjonalt ei særskilt utfordring å få til samanhengande og integrerte tenester til personar som har både alvorleg psykisk lidning og rusmiddelproblem (ROP-liding).



# Rus og psykisk helse

- I ein krevjande økonomisk situasjon, rår kommunedirektør til å kutta i fleire tenester som ikkje er lovpålagt
- Kommunedirektør rår til å leggje ned låvterskel helsestasjon og Hamna kontaktsenter. Avvikling av tilboda vil gje ei innsparing på til saman 2,5 mill. kr.
- For begge tiltaka er det risiko for auka tenestebehov og meir ressursbruk høgare i omsorgstrappa. Ved å stenga Hamna kontaktsenter mister me moglik til å vidareutvikla tilbodet saman med frivillige krefter, det vil også råka kvardagen til einskildpersonar på ein uheldig måte.
- For låvterskel helsestasjon risikerer me både svekka eigenomsorg hos einskildpersonar og auka belastning på fleire pårørande, men også tap av viktig kompetanse i eigen organisasjon.

# Legetenester

- I Stord kommune er det fem legekontor med i alt 22 fastlegar
- Den nasjonale fastlegekrisa er godt merkbar på Stord
- Det er fleire fastlegar som har slutta og det er krevjande å rekruttera nye
- Per 1. oktober 2023 er det 255 innbyggjarar som ikkje har fått tildelt fastlege på Stord. Antal som står på venteliste er 1932 innbyggjarar. Totalt har fastlegane ein listekapasitet for til saman 19 337 innbyggjarar.



# Legetenester

- **Kommunedirektøren rår til å styrka neste års budsjett med kjent vikarbehev for fastleggar per 01.09.23, det utgjer omlag 15,5 mill. kr.**
- Om det ikkje lukkast å rekruttera til ledige lister vil det vera behov for vidareføring av kostnadane.
- Det er no kjent at det vert vert fleire ledige fastlegeheimlar i 2024, om det ikkje lukkast å rekruttera til desse, **vil det medføra ein ytterlegare vikarkostnad på omlag 10,5 mill. kr.**

# Stord interkommunale legevakt og døgnavdeling

- Fastlegemangelen i kommunane påverkar tenesta negativt
- **Det er ein jamn auke i henvandingar til legevakta**, dette gjeld både telfonråd og “enkle” konsultasjonar, men det er også auke i tal hastoppdrag.
- Det er innleia eit arbeid for å sjå på tiltak som kan bidra til ei meir berekraftig teneste over tid.
- Selskapet leverer eige budsjettforslag som er handsama i styret og representantskapet. I lys av utfordringsbilete med auka pågang, har selskapet bedt kommunane om å auka overføringane for å stetta behov knytt til å styrka bemanninga. **For Stord kommune medfører dette ein auka kostnad i 2024 på 2,17 mill. kr.**

# NAV

- **Flyktingkrisa ser ut til å halda fram i like stort omfang**
- Kommunedirektøren ser ikkje at det er rom for å tilføra nye budsjettmidlar, men rår til å **vidareføra ein prosjektstilling** knytt til arbeidsretta oppfølging av flyktingar som har behov for bistand etter introduksjonsprogram.
- Innbyggjarane i Stord kommune vert i aukande grad påverka av forhold som konsekvens av dyrtid og medfølgende økonomiske vanskar. Trass auke i utbetalingar til sosialhjelp, så vert budsjettet her halde på tilsvarende nivå som 2023. Som eit avbøtande tiltak **rår kommunedirektøren til å styrka NAV på område gjeldsrådgiving, stillingsbudsjettet for 2024 vert foreslått styrka med 0,4 mill.kr.**

# NAV

- **Kommunedirektøren rår til å kutta stønad til Kirkens bymisjon/ I jobb. Innsparinga er 0,5 mill. kr (1 mill. kr. heilårseffekt)**
- Ungdomssatsinga i NAV held fram i tråd med nasjonale føringer
- Det er venta ein auke i stønadsnivået på statlege rettleiande satsar for økonomisk sosialhjelp. Storleiken på auken er ikkje kjend og ikkje medrekna i prognosane budsjettet er basert på. Det same gjeld satsane for introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad.
- **Budsjett for 2024 er basert på busetting av 100 nye flyktingar.**

# Investeringar RHO-område

- Ny sjukeheim
  - Kommunestyret har godkjent forstudierapport om nye sjukeheimslassar og vedteke å gå vidare til forprosjekt. Det er løyvd 5,5 mill. kr til forprosjektet
- Bufellesskap Heiane
  - Kommunen har motteke tilskot om investeringstilskot for prosjektet, noko som fordrar byggjestart februar 2024. Det pågår arbeid med konkurransegrunnlag. Det er sett av 62 mill.kr i investeringsmidlar til prosjektet.



# Økonomiplan 2023-2026



# Økonomiplan 2024-2027

- Kommunen har ei lånegjeld på 145 prosent av brutto inntekter
- Brutto lån er 3,2 mrd. kr per oktober 2023
- For økonomiplanperioden er renter og avdrag oppdatert med investeringar utanfor sjølvkostområdet.
- Finanskostnader i sjølvkostområdet skal dekkast av inntekter frå sjølvkostområdet, og er ikkje teke med på kostnads og inntektssida for perioden 2025-2027
- Rente- og avdragsbelastninga vil i 2024 auka med 31,2 mill. kr og vil i perioden fram til 2027 auka med ytterlegare 58,9 mill. kr.
- Totale renter og avdrag for 2024 er 231,6 mill. kr.
- Det er i økonomiplanperioden lagt til grunn moderat vekst i frie inntekter (skatt og rammetilskot) samla på 1,5 prosent årleg.



# Økonomiplan 2024-2027

(mill. kr)

	2024	2025	2026	2027
Sum driftsinntekter	- 1 991,2	- 2 019,5	- 2 031,0	- 2 031,5
Sum driftsutgifter	1 866,1	1 802,8	1 745,9	1 744,8
Brutto driftsresultat	- 125,1	- 216,7	- 285,1	- 286,7
Netto finansutgifter	193,5	219,4	251,7	253,2
Netto driftsresultat	68,4	2,7	- 33,4	- 33,5



# Oppsummering / tiltak

- Utfordring 1: Auka tenestebehov i helse og omsorgstenestene
- Utfordring 2: Heilt naudsynte investeringar:
  - Reinseanlegg
  - Brannstasjon
  - Sjukeheim
- Utfordring 3: Kapasitet til å jobba med forbetring, effektivisering og gevinstrealisering
- Utfordring 4: Starte arbeidet med samhandlingskommunen



# Oppsummering / tiltak

- Innsparingstiltak 1: Innføring av team for forbetring, utvikling og effektivisering
- Innsparingstiltak 2: Reduksjon i bilpark – vurdere utleige av kommunen sine bilar
- Innsparingstiltak 3: Vurdere anbod på pensjonsordning
- Innsparingstiltak 4: Mobilisere nettverk rundt personar som trenger hjelp og bistand
- Innsparingstiltak 5: Redusert sjukefråvær



# Oppsummering / tiltak

- Ytterlegare tiltak 1: Vurdere stans i investeringar og vurdere enkeltprosjekt på nytt
- Ytterlegare tiltak 2: Gjennomgå alle planlagde investeringar med mål om å redusere kostnader
- Ytterlegare tiltak 3: Gjennomgang av eigedomsporteføljen
- Ytterlegare tiltak 4: Gjennomgang av skulestruktur



# Oppsummering / tiltak

- Inntektsauke 1: Sal av eideom
- Inntektsauke 2: Avgiftsparkering
- Inntektsauke 3: Fjerne botnfrådraget

Dette er forslag på områder me må sjå nærmere på for å finne innsparingar som fører til at Stord kommune igjen får naudsynt handlingsrom.

